

**Oskar Jarle Grimstad** sette fram slikt forslag til tillegg pkt. 2:

”Inntektsutjamninga må starta allereie i revidert nasjonalbudsjett for 2008.”

**Janne Johnsen** sette fram slikt forslag til tillegg pkt. 2:

Ny siste setning

”Vestlandrådet legg til grunn at dette vert retta opp i St.prp 1 for 2009.”

**Gisle Handeland** sette fram slikt oversendingsforslag:

”Vestlandsrådet tek initiativ til eit informasjons- og drøftingsmøte om Magnussen utvalet si innstilling om fordeling av ressursane i spesialisthelsetenesta.

Målgruppa for konferansen er kommunar, fylkeskommunar, stortingspolitikarar, helseforetaka og organisasjonar.”

**Gisle Handeland** sette fram slikt alternativt forslag til pkt. 3:

”Utjamninga må skje raskt, og på ein måte som ikkje fører til at den urettvise inntektsfordelinga mellom helseforetaka vert vidareført.”

**Leiaren** gjorde framlegg om å samordna forslaga frå Grimstad og Johnsen til slikt forslag:

”Inntektsutjamninga må starta allereie i revidert nasjonalbudsjett for 2008, og verta retta opp i sin heilhet i St.prp. 1 for 2009.”

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 1 vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag pkt. 2 vart samrøystes vedteke.

Leiaren sitt samordna forslag vart samrøystes vedteke.

Fylkesrådmannen sitt forslag til pkt. 3 vart vedteke med 13 røyster mot 5 røyster (Handeland, Holmefjord Olsen, Aasen, Gramstad, Braut) for Handeland sitt forslag.

Handeland sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt fylkesrådmannen.

### **VEDTAK**

1. Vestlandsrådet viser til Magnussen-utvalet sitt framlegg, og meiner at utvalet har gjort ein grundig og god jobb. Det er grunn til å merke seg at heile utvalet stiller seg bak utvalet sine framlegg.
2. Vestlandsrådet registrerer at det har skjedd ei viss utjamning av inntektene mellom helseføretaka, men at denne forskjellen enno ikkje fullt ut er kompensert. Vi kan ikkje akseptere denne ulikskapen mellom helseføretaka, og krev no at det blir full utjamning i inntektene etter den modellen Magnussen-utvalet gjer framlegg om.  
Inntektsutjamninga må starta allereie i revidert nasjonalbudsjett for 2008, og verta retta opp i sin heilhet i St.prp. 1 for 2009.
3. Eventuelle meirkostnader til omstilling innan Helse Sør-Øst må bli gitt som øyremerkte tilskot med klåre krav til effektiviseringsvinstar, ikkje ved å vidareføre ei urettvis inntektsfordeling mellom helseføretaka.